

Barne- og ungdomslitteratur utgitt i Norge 1997



Statistikken er utarbeidd av NBIs bibliotek. Den viser talet på bøker for barn og ungdom på norsk og samisk, utgitt i Norge eller av utanlandske forlag på norsk. Den kan omfatte nye utgåver av tidlegare utgivingar, men ikkje reine opptrykk. Fagbøker for barn inkluderer ikkje skolebøker.

NBIs statistikk inkluderer òg utgivingar som ikkje er tilgjengelege via bokhandel, t.d. bokklubbutgivingar (m.a. Go'boken, Tuppen og Lillemor og Penny-klubben), og utgivingar frå dei religiøse forlaga som ikkje blir distribuerte gjennom det ordinære bokhandlarnettet.* Dermed skil NBIs statistikk over barne- og ungdomsbokutgivinga i Norge seg frå Den norske Forleggerforeningens *Bransjestatistikken*, som berre omfattar utgivingar frå medlemsforlaga. Oversikta i *Norsk bokfortegnelse* grupperer berre skjønnlitterære utgivingar under barne- og ungdomsbøker, medan ein finn faglitteratur for barn og unge i oversikta over faglitteratur for vaksne. *Norsk bokfortegnelse* inkluderer reine opptrykk i årsoversiktene sine.

Materialet for NBIs statistikk er i første rekkje NBIs eiga boksamling, som er lagd inn i NBIs database, dernest utskrift frå *Nasjonalbibliografien*, og ymse forlagskatalogar for dei tilfella der NBI kjenner til utgivingane, men ikkje hadde dei innlemma i samlinga per 1.12.98.

NBIs database inneheld om lag 34 000 postar. Basen er tilgjengeleg i eit internt nettverk. Søkbare kategoriar er: forfattar, redaktør, (omslags)illustratør, omsetjar, tittel, serietittel og ord (i serie) tittel; originalspråk, forlag og andre utgivarar, utgivingsår, hylle-


plassering og Dewey-nummer. Det kan også søkjast på kombinasjonar av kategoriane, t.d. forlag + år. NBIs database er førebels ikkje lagd ut på Internett, men derimot er basen tilgjengeleg gjennom *Norsk samkatalog*, Nasjonalbiblioteket i Oslo. Dette materialet kan også søkjast i på CD-ROM-versjonen av *Samkatalogen*.

* Disse bokklubbane og enkelte av dei religiøse forlaga har ein stor del omsetjingar blant sine utgivingar. Av den grunn vil NBIs statistikk kunne vise høgare tal for omsetjingar, spesielt frå engelsk språkområde, enn andre statistikkar for barnebokutgiving i Norge.

Barne- og ungdomslitteratur fordelt etter sjangerar 1990, 1996 og 1997

SJANGER/ÅR	1990	1996	1997
Antologiar	6	13	10
Biletbøker	185	184	154
Dramatikk	1	3	2
Eventyr	11	19	9
Fagbøker	102	208	148
Lyrikk	3	9	6
Romanar	311	270	275
Songbøker	2	9	6
Sp. brukargr. **	3	0	0
Samisk litteratur	6	11	11
Totalt	630	726	621

** Bøker for spesielle brukargrupper: «følebøker», bøker med blindeskrift og teiknspråk.



Norsk og omsett litteratur 1996

SJANGER	NORSK	OMSETT	TOTALT
Antologiar	5	8	13
Biletbøker	52	132	184
Dramatikk	3	0	3
Eventyr	4	15	19
Fagbøker	66	142	208
Lyrikk	8	1	9
Romanar	107	163	270
Songbøker	6	3	9
Sp. brukargr.	0	0	0
Totalt	251	464	715

Norsk og omsett litteratur 1997

SJANGER	NORSK	OMSETT	TOTALT
Antologiar	8	2	10
Biletbøker	32	122	154
Dramatikk	2	0	2
Eventyr	3	6	9
Fagbøker	55	93	148
Lyrikk	2	4	6
Romanar	110	165	275
Songbøker	5	1	6
Sp. brukargr.	0	0	0
Totalt	217	393	610

For statistikk 1990: sjå *Årboka Litteratur for barn og unge 1998*

Omsetjingar fordelt på originalspråk 1996

	Arabisk	Bosnisk	Dansk	Engelsk	Finsk	Fransk	Hebraisk	Italiensk	Nederlandsk	Russisk	Samisk	Somali	Spansk	Svensk	Tysk	Flerspråkleg
Antologiar				2										2		4
Biletbøker			6	93		4			1					24	4	
Dramatikk																
Eventyr	1		5	1	1					1		3				3
Fagbøker			5	128										9		
Lyrikk		1														
Romanar			9	112		1	1	1	1		1		1	23	13	
Songbøker														2		1
Sp. brukargr.																
Totalt	1	1	25	336	1	5	1	1	2	1	1	3	1	60	17	8

Omsetjingar fordelt på originalspråk 1997

	Dansk	Engelsk	Finsk	Fransk	Italiensk	Japansk	Kinesisk	Nederlandsk	Samisk	Svensk	Tysk	Flerspråkleg
Antologiar												2
Biletbøker		92	1					1	1	22	5	
Dramatikk												
Eventyr	3	1										2
Fagbøker	3	78			1			2		9		
Lyrikk	2					1	1					
Romanar	6	114		2				2		23	18	
Songbøker		1										
Sp. brukargr.												
Totalt	14	286	1	2	1	1	1	5	1	54	23	4

For statistikk 1990: sjå *Årboka Litteratur for barn og unge 1998*

Faglitteratur for barn og unge fordelt etter emne

	1990	1996	1997
Generelle skrifter	1	3	7
Filosofi	2	1	0
Religion	21	50	30
Samfunnskunnskap. Samfunnsorientering	7	15	5
Språk	1	6	0
Naturvitskap. Økologi	33	31	31
Praktisk vitenskap. Oppfinningar	13	33	14
Kunst (inkl. hobbybøker)	17	37	27
Litteratur	0	0	1
Geografi og historie	7	32	33
Totalt	102	208	148

Årbokas barnebokstatistikk dekkjer 1997. Ved redaksjonens avslutting var materialet for 1998 ikkje fullstendig nok til å utgjere grunnlag for ein årsstatistikk. Statistikkane for 1990 og 1996 gir perspektiv til 1997-utgivinga.

Tala syner ein nedgang i totalutgivinga frå 1996 til 1997 på om lag 14 %. Særleg markant er reduksjonen på fagbokfeltet. Elles ser vi at medan barne- og ungdomsromanar syner stabil utgiving over dei to siste åra, er det ein viss nedgang for biletbøkene, og for eventyrbøkene som også ofte har biletbokform. Medan det i 1996 var særleg auke i utgivinga av omsette fagbøker, syner statistikken reduksjon for same bokgruppe i 1997. Forholdet mellom norske og omsette romanar har vore stabilt dei siste to åra.

Fagbøker blir i hovudsak omsett frå engelsk, og tala syner at det er særleg her vi finn reduksjon i utgivingane.